



**POSTENS PENSJONISTFORBUND**  
**Postpensjonistane i Sunnhordland**  
Org.nr. 998 328 322

**ÅRSMELDING 2023**

side 1.

Årsmøtet 2023

Årsmøtet 2023 vart halde i Solidhuset, Sagvåg 08.02.2023.

Det møtte 27 medlemer som leiar Eli Roseth Eik kunne ynskja velkomne.

Før Årsmøtet vart sett, fekk vi servert velsmakande betasuppe, kaffi og kringle.

Etter matøkta fekk Jan Bekkevold frå Postens pensjonistforbund ordet. Me fekk innblikk i saker organisasjonen er engasjert i. Han har kontakt med andre avdelingar og kunne dele med oss korleis dei la opp sitt program for sine postpensjonistar.

Ved opninga mintest årsmøtet dei som var gått bort med 1 min. stilla.

Avviklinga av Årsmøtet gjekk etter denne saklista:

1	Godkjenning av innkallinga	5	Rekneskap
2	Godkjenning av saklista	6	Arbeidsplan for 2023
3	Val av dirigent, skrivar og 2 personar til å skrive under protokollen	7	Innkomne framlegg
4	Årsmelding	8	Val

Innkallinga og saklista vart samrøystes godkjent.

Eli Roseth Eik vart valt til dirigent og Unn Sara Spissøy til skrivar.

Til å skrive under protokollen valde me Bjørg Skagemo og Liv Berit Solberg.

Både årsmeldinga og rekneskapet vart samrøystes godkjende.

Arbeidsplanen for 2023 byggjer på handlingsplanen som landsmøtet vårt har vedteke for perioden 2021 – 2024. Denne vart godkjent.

Ingen innkomne framlegg.

## **VAL**

Kjell Egil Hollund, Bjørg Borrevik og Svein Onarheim hadde gjort ein god jobb.

Utfallet av valet vart slik:

Leiar	Tone Nygård	Ny for 2 år
Skrivar/nestleiar	Unn Sara Spissøy	Attval 2 år
Økonomiansvarleg	Kari Tysnes Kjos	Ikkje på val
Styremedlem	Mikal Saltvik	Ikkje på val
Styremedlem	Helen Hystad	Ny for 2 år
Varamedlem	Berit Bergsvåg	Attval for 2 år
Varamedlem	Nils Vestbøstad	Ikkje på val
Revisor	Bente Stien Nysæter	Ikkje på val
Revisor	Annlaug Bjelland Eide	Ny for 2 år
Vararevisor	Endre J. Solheim	Ikkje på val

Ny valnemd: Kjell Egil Hollund, Olav Håvardsholm og Svein Onarheim.

Det vart delt ut velfortent blomehelsing til Eli Roseth Eik som takkar av som leiar etter 10 år . Bjørg Borrevik som har gjort innsats i i valnemda , Ansgar Bjelland som har vore revisor og Gerd Skålevik som har vore styremedlem. Takk for framifrå innsats for Postpensjonistane i Sunnhordland.

## **MEDLEMSBLADET**

Medlemsbladet vårt Sunnhordlendingen vart sendt ut sommar og haust i 2023.

## **GRASROTANDELEN**

5 stk. har så langt knytt seg opp mot vårt organisasjonsnummer 998 328 322. Dette gav oss kr.1485,72 i utbetaling frå Norsk tipping for 2023, eit godt tilskot i ein slunken lagskasse.

## TILSKOT

I tillegg til tilskotet frå Postens Pensjonistforbund (kr 110,00 pr betalande medlem), mottok me tilskot frå Onkelfondet på 20 000 kroner frå fondet. Dette tilskotet er svært viktig for å kunne tilby turar og møte til rimeleg pris.

## TURAR

### Utanlandstur

18. – 23. juni 2023 fekk 35 turdeltakarar oppleve busstur til Sørlandet-Sverige-Danmark og tilbake til Vestlandet saman med postpensjonistar frå Haugesundsregionen. Mange høgdepunkter. Fin sommardag i Risør i sol med roser overalt. Etter ferjetur med Fjordline fekk me oppleve Strømstad, Fredriksten festning i Halden, nydeleg tur langs svenske vestkysten heilt til me stoppa i Smøgen. Etter ferjetur med Stena si ferje inntok me Skagen i strålande ver. Heimtur via Hirtshals og heimover til Bergen, og buss siste etappe. Kjekt å dele fine opplevingar med tidlegare kollegaer og få nye bekjentskaper.

### Lokal tur

1.september gjekk turen til Kvinnherad. 30 medlemmer kunne nyte den vakre haustdagen på fjellgarden Bjørnebøle, som vart flytta etter at demningen kom i 1957/1958. Ein spanande historie om slekta og garden sin skjebne i ettertid. Ein god oppleving å sjå den velhaldne garden i dag. Deretter fekk me oppleve Blåfalli-Vik som er SKL sitt sist bygde kraftanlegg inne i fjellet. Så ein fin naturoppleving på veg til Åkra, med ei god matøkt og besøk Åkra kyrkja. Takk til Eli for supert opplegg og til dei kunnskapsrike turleiarane Kristin Skrome og Reidun Vågen. Du kan lese referat av turane i Sunnhordlendingen.

## HAGERUPSHUSET

Det har vore treffdag i Hageruphuset 3. torsdag i månaden for postpensjonistane.

## JULEMØTET

Samkoma var i år på Stord Hotell 28.11.23. 41 postpensjonistar kunne nyte god julemiddag og eit triveleg bordsete. Loddsal lagar god stemning og gode matnyttige gevinstar vart tatt vel imot. Mariann orienterte om planlagt tur til Nord-Vestlandet i 2024, fint å ha noko å sjå fram til. Også i år sendte styret julehelsing med sjokolade til dei som ikkje var på julemøtet.

### **Medlemstalet i laget vårt er no 93.**

Laget har fått 3 nye medlemmer i 2023.

2 har meldt seg ut.

Vi har hatt 3 dødsfall.

### **I meldingsåret har det vore halde:**

1 Årsmøte

8 Styremøter

1 Julemøte

Treff på Hageruphuset.

**Datakurs for medlemmer.**

Styret sendt ut invitasjon til datakurs og invitert dei påmeldte til kurs i Leirvikstova på Stord som Stord kommune arrangerer. Kurshefter er også delt ut til både dei som har vore på kurs og andre medlemmer som har vore interessert.

**Kurs i førstehjelp**

Røde Kors skipa til førstehjelpskurs 18.01.2023. 10 medlemmer nytta seg av tilbodet.

**Representasjon:**

Unn Sara Spissøy var på leiarsamling på Thon Hotel Oslo Airport, Gardermoen 18. og 19. april 2023.

**Sluttord:**

Me takkar distribusjonsentralane på Heiane for lån av lokale til arbeidsmøtet vårt før jul.

Stord 20.01.2023. Styret

Tone Nygård                      Mikal Saltvik                      Kari Tysnes Kjos

Helen Hystad                      Unn Sara Spissøy                      Berit Bergsvåg

Nils Vestbøstad

Arbeidsplanen vår for 2024 byggjer for ein del på handlingsplanen som landsmøtet vedtok for heile landsmøteperioden 2021 – 2024. Vi vil difor vidareføra dei punkta som er prioriterte der, men i tilpassa lokal form. Styret gjer framlegg om denne arbeidsplanen:

### **Vervemål**

Sunnhordland avdeling skal verva 4 nye medlemmer i perioden.

### **Sosiale - og helsemessige mål**

Vi vil fremja samarbeidet med eldreråda og gjennom dei påverka kommunane i helsearbeidet. Ein av styremedlemene er foreslått til Eldrerådet.

Styremedlemar er aktive i lokalt turlag og invitere medlemmar til fysisk aktivitet som turlaget arrangerer.

### **Kulturelle mål**

Leggja til rette for å halda vedlike kontakten med tidlegare kollegaer.

Tilbod til medlemmer om pengestøtte til kjøp av billett til konsert/teater og liknande.

### **Handlingar som styret har ansvar for gjennom heile året:**

- Skapa attraktive medlemsmøte
- Tilby reiser, om mogeleg til subsidierte prisar
- 1 korttur, 1 langtur
- Lokal tur
- Konsert, teater e.l.
- Datakurs for medlemmer
- Skipa til julemøte/julebord
- Ta vare på lokal posthistorie
- Driva aktiv oppfølging av medlemmer i laget vårt.
- Kartleggja eksisterande medlemspotensiale.
- Ha ei turgruppe som planlegg turar for medlemmene.
- Invitere til og avvikle årsmøte for laget.

